

Tambarskjelvar IL - Styremøte 5/2019 - 26.11.2019

Til stades: Pål Arve, Anne Sofie, Anne Marit, Fredrik, Siss-May

Fråver: Håkon

Sak	Tema	Ev. utdyping av tema	Vedtak
19/2019	Godkjenne protokoll frå Styremøte 4/2019		Godkjent.
20/2019	Brev frå NIF - Ny lovnorm for idrettslag, sjå Vedlegg 1	Idrettslaget sitt styre må sørge for at idrettslaget den 1. januar 2020 har ei oppdatert lov som er i samsvar med lovnorma.	Anne Marit ser på dette.
21/2019	Sunnfjord Triatlon 2020	Skal vi arrangere Sunnfjord Triatlon 2020?	Møte 6.januar kl 18:00. Vi kallar inn arrangementskomiteen frå 2019, inkludert sykkel- og triatlongruppa.
Drøftings- /orienteringssaker	Sunnfjord idrettsråd	Sunnfjord idrettsråd vart skipa 28.10.2019.	
	Arbeidet med Organisasjonsplan/ Klubbhandbok		Vi utset arbeidet til 2020.
	Årsmøte 2020	Stad - bestilling Annonsering	Smak frå Øvre 13.mars kl 19:00. Siss-May tek seg av annonsering.
	Klubbadmin	Kontinuerleg oppfølging av e-post og medlemsdatabase	

Innmelde saker frå anlegg

Øyra Løken Nærmiljøanlegg

Sjå vedlegg 2.

Vedtak:

Tambarskjelvar IL er positive til å gå inn med forskottering, men vi ynskjer ei detaljert oversikt over kostnader og finansiering av dei ulike delane av Nærmiljøanlegget før vi ev. gir støtte til anlegget og/eller forskotterer omsøkt sum.

Instedalen skileikeanlegg as

Sjå vedlegg 3

Innkjøp av trakkemaskin i Instedalen Skianlegg	"Styret i Instedalen skianlegg AS vedtek å starte arbeidet med å kjøpe trakkemaskin. Det vert teke opp med styret i Tambarskjelvar om idrettslaget kan medverke til å kjøpe trakkemaskin og søkje om spelemidlar."	Tambarskjelvar IL eig 60% av aksjane i anlegget, Instedalen skikrins 40%	Tambarskjelvar IL stiller seg bak forslaget om at Styret i Instedalen skianlegg as arbeider med finansiering av ei trakkemaskin. Tambarskjelvar har ikkje kapasitet til å utarbeide søknad om spelemidlar for trakkemaskina. Eit tips kan vere å søkje skiforbundet om utstyrsmidlar.
--	--	--	---

Vedlegg 1

22.11.2019

Viktig informasjon til alle idrettslag – nytt regelverk fra 1.1.2020

Idrettstinget er NIFs høyeste myndighet. På Idrettstinget 2019 ble det vedtatt en rekke endringer i NIFs regelverk som vil tre i kraft 1. januar 2020.

Ny lovnorm for idrettslag

For å sikre at alle idrettslag har en lov som til enhver tid er i samsvar med NIFs regelverk, vedtar NIF en egen lovnorm for idrettslag. Lovnormen inneholder et minimum av det alle idrettslag må ha i sin lov. NIF vil utarbeide en oversikt over endringer fra gjeldende lovnorm, samt en egen veileder til lovnormen. Disse dokumentene vil legges ut på NIFs hjemmeside, se lenke nederst.

Hva må idrettslaget gjøre?

Idrettslagets styre må sørge for at idrettslaget den 1. januar 2020 har en oppdatert lov som er i samsvar med lovnormen. Det er ikke nødvendig å kalle inn til et ekstraordinært årsmøte for å vedta endringer som må innarbeides som følge av endringer i lovnormen. Styret kan selv gjøre dette gjennom et ordinært styrevedtak. Andre lovendringer derimot, kan bare vedtas av idrettslagets årsmøte.

Styret bør ta utgangspunkt i den nye lovnormen og tilpasse denne ved å legge inn de særlige bestemmelsene som idrettslaget har i egen lov i dag. Når styret vedtar endringene, må det fremgå av vedtaket at lovendringene trer i kraft 1. januar 2020.

Styret må informere medlemmene om den nye loven. Dette kan gjøres på idrettslagets hjemmeside eller på annen måte. Idrettslaget trenger ikke lenger oversende lovendringer i egen lov til idrettskretsen for godkjenning, men kretsen skal fortsatt gjøres kjent med lovendringer, og ha tilgang til loven, slik at kretsen kan vurdere om den er i samsvar med NIFs regelverk. Mer informasjon om hvordan idrettslaget skal gjøre loven tilgjengelig for idrettskretsen vil bli publisert på NIFs hjemmeside, se lenke under.

Hvor finnes den nye lovnormen og mer informasjon?

Informasjon om lovnormen, NIFs regelverk, kommentarutgave til NIFs lov, veiledere osv. finnes her: www.idrettsforbundet.no/tema/juss Dersom idrettslaget har spørsmål eller behov for bistand, kan idrettskretsen kontaktes. Kontaktinformasjon til idrettskretsene finnes her: www.idrettsforbundet.no/idrettskretser

Vedlegg 2

Til styret i Tambarskjelvar, barneidrettsgruppa, sykkelgruppa, fotballgruppa

SAK: Gjeld utbygging av diskgolf, ballområde og sykkelområde (pumptrack) og søknad om spelemidlar.

Sak: Gjeld utbygging av diskgolf, ballområde og sykkelområde (pumptrack) og søknad om spelemidlar.

Framlegg til vedtak:

Styret tek opp med Tambarskjelvar idrettslag og aktuelle grupper om dei kan gje tilskot til utbygging av dei tre anleggseiningane, diskgolf, ballområde og sykkelområde (pumptrack) og eventuelt forskottere spelemidla. Søknadane for dei tre einingane vart godkjent i 2019, men fekk ikkje spelemidlar. Søknadane er fornya og sendt inn, men vi har ikkje fått endeleg svar frå kommunen om forskotering. Utbyggingane vert også ein del dyrare enn utrekna i søknadene som vi sende i 2019. Utbygginga av sykkelområde er i gang og kommunen har vedteke å løyve 300.000 kr til forskotering. Denne eininga er finansiert, men nærmiljøanlegget har då nytta alle midlane vi har fått tilsagn om, og som vi også skulle ha nytta til å finansiere dei to andre anleggseiningane.

Vedlegg 3

Trakkemaskin i Instedalen skianlegg

5. november 2019 22.33 5 KB

Styret i Instedalen skianlegg AS har drøfta sak om trakkemaskin. Utstyret vi no har byrjar å bli ein del år, og vi treng litt anna utstyr for å kunne preparere i bakkane. Styret har gjort fylgjande vedtak:

"Styret i Instedalen skianlegg AS vedtek å starte arbeidet med å kjøpe trakkemaskin. Det vert teke opp med styret i Tambarskjelvar om idrettslaget kan medverke til å kjøpe trakkemaskin og søkje om spelemidlar."

Vi ber om at saka vert teke opp i styret i idrettslaget, og vi vil fram til då undersøkje aktuelle typer og prisar.

Beste helsing, Åsmund Berthelsen

Styreleiar i Instedalen skianlegg AS